

Vedteke i Stord kyrkjelege fellesråd 05.04.2017

VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I STORD KOMMUNE

Vedteke i Stord kyrkjelege fellesråd den 05.04.2017 - sak 2017/19.

Godkjent av Bjørgvin bispedømmeråd

Vedtektene er heimla i lov av 7. juni 1996 nr. 32 om "gravplasser, kremasjon og gravferd" (Gravferdsloven) § 21.

Forvaltning av gravplassane, kremasjon og gravferd vert regulert av :

- ☐ Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (Gravferdslova) av 7. juni 1996 nr. 32 - sist endra 01.01.2021.
- ☐ Forskrifter til lova fastsett av dept. 01.01.1997 i medhald av gravferdslova §§ 2, 4, 25 og 26. Sist endra 01.01.2021
- ☐ Lokale gravplassvedtekter
- ☐ Retningslinjer for namna minnelund på Frugarden gravplass frå 21.10.2015.

§ 1 FORVALTNING

Gravplassane i Stord er underlagt Stord kyrkjelege fellesråd (FR) sin administrasjon og ansvarsområde.

§ 2 KISTEGRAVER OG URNEGRAVER

Stord gamle kyrkjegard samt A, B og F-feltet på Øvre gravplass er regulert til urnegraver. Det betyr at det ikkje er høve til kistegravlegging her.

Alle andre gravplassar i Stord kommune er regulert til både kistegraver og urnegraver.

§ 3 GRAVPLASSTILHØYRSLE

Gravlegging finn stad på den gravplassen personen soknar til. Unntak er dersom festa grav på ein annan gravplass i kommunen skal nyttast, eller om gravlegging finn stad i ein annan kommune.

Personar frå andre kommunar kan gravleggjast i Stord. Den som syt for gravferda tek då kontakt med kyrkjevevja i Stord med tanke på praktiske og økonomiske avklaringar.

§ 4 FREDNINGSTID OG FESTETID

Fredningstid for urnegraver er 20 år. Fredningstid for kistegraver er 25 år.

Festetida er normalt 5 år, men kan etter avtale med kyrkjevevja vera inntil 20 år.

§ 5 FESTE AV GRAV

A. Når kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å festa ei grav ved sida av . Etter godkjenning frå kyrkjeleg fellesråd kan ein festa 2 graver i tillegg, når det er særskilt bruk for det.

Graver som er festa saman utgjer **ein** gravstad. Det må til eikvar tid betalast festeavgift for den/dei sidegravene som ikkje er nytta til gravlegging. Det er ikkje høve til å sletta berre den eine grava i ein gravstad. Sletting kan berre gjerast dersom begge gravene er minst 25 år, og då må begge gravene slettast.

Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje festa grav ved sida av.

B. Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 5 år. Når det er gått 60 år etter siste gravleggjing, kan festet ikkje fornyast, utan særskilt samtykkje frå kyrkjeleg fellesråd. Festaren skal varslast når festetida er ute. Dersom festet ikkje er fornya innan 6 månader, fell grava tilbake til gravplassen.

C. Ingen kan gravleggjast i festa grav utan samtykkje frå festaren. Dersom festaren sitt samtykkje ikkje kan innhentast, kan kyrkjeleg fellesråd avgjera spørsmålet om gravleggjing.

Når den døde sjølv er festar til grava som skal brukast, har den personen som skal syta for gravferda (jfr. § 9 i gravferdslova) også rett til å avgjera spørsmålet om bruk av den festa grava.

Festaren pliktar å melda frå om endring av adresse.

§ 6 GRAV OG GRAVMINNE

A. Når ein opnar ei grav kan jordmassane mellombels leggjast på gravene rundt og utstyr på gravene kan flyttast. Tilsette på gravplassen syt for at det vert planert og sådd etter gravleggjing.

B. Gravminne kan ikkje setjast opp tidlegare enn 4 månader etter kistegravferd. I mellomtida kan det setjast opp eit merke med namnet til den døde.

Gravminne på urnegrav kan setjast opp med det same urna er sett ned.

På ny festa gravstad set ein opp gravminne sentralt i bakkant av gravstaden.

§ 7 PLANTER og UTSTYR PÅ GRAVA

A. Framfor gravminnet er det høve til å opparbeida eit bed for planter. Bedet må ikkje vera breidare enn gravminnet, men kan i alle høve vera opp til 60 cm breidt. Lengda på bedet kan vera max 60 cm målt frå bakkant av gravminnet. Dersom det ikkje er aktuelt å ha bed skal det vera grasbakke på alle sider av gravminnet.

B. Det kan ikkje plantast vekster som er høgare enn gravminnet. Ingen planter må plasserast utanfor bedet. Det er ikkje høve til å montera faste dekorting i bedet. Lause dekorting (vasar, lykter o.l.) skal fjernast etter bruk. Eventuell gravlykt skal monterast fast på gravsteinen. Bedet kan rammast inn enten med 3-delt natursteinskant som fluktar med terrenget rundt, eller med heil 5-6 cm tjukk bedplate med hol i midten for planter.

Det er ikkje høve til å ramma inn grava eller bedet med hekk, gjerde, stein eller anna enn det som er nemnt i § 6.

C. Planter, kransar o.l. som vert nytta ved gravferd eller pynting av grav skal vera råd å kompostera.

§ 8 STELL AV GRAV

Den som er ansvarleg for frigrav eller festegrav har rett og plikt til å stella den grava som ein har ansvaret for. Bed som ikkje vert planta og stelt, skal såast til av den ansvarlege eller av tilsette på gravplassen.

§ 9 GRAVFOND

A. Mot innbetaling av ein bestemt sum til eit gravfond, vil kyrkjeleg fellesråd overta ansvar for planting og stell av gravstaden. Fondet vert forvalta av kyrkjeverja. Den innbetalte summen med tillegg av renter skal dekkja utgiftene til vanleg planting og stell av gravstaden i ein fastsett periode. Det skal i kvart einskilt høve opprettast ein kontrakt. Fondet kan ikkje opprettast slik at det varer lenger enn den fredningstida eller festetida som er att for gravstaden.

B. Dersom det oppstår økonomiske tilhøve i avtalt fondsperiode som gjer at midlane ikkje strekk til som avtalt, skal kyrkjeverja gje melding om dette til den som er ansvarleg eller til festaren. Det er då høve til å auka fondet slik at det rekk tida ut. Vert det ikkje auka, vil stellet av grava ta slutt når midlane er oppbrukte.

c. Dersom det er midlar att når tida er ute, skal dei brukast av kyrkjeleg fellesråd til å gjera gravplassen vakrare. Gravfondet vert forvalta på felleskonto, men det vert ført eige detaljert rekneskap for kvart fond, med årleg revisjon av autorisert revisor. Det er høve til å rekna provisjon for administrasjon og revisjon av fondsmidlane.

§ 9 BÅREROM

Kyrkjeleg fellesråd disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge til bårhuset utan løyve. Syning av den døde kan berre gjerast etter samtykkje frå den som syt for gravferda.

§ 10 TIDSPUNKT FOR URNENEDSETJING

Urnededsetjing kan normalt føregå alle kvardagar innanfor normal arbeidstid (07.30-15.00). I heilt særskilde høve, når det føreligg gode grunnar til det, kan kyrkjeverja bestemma andre tidspunkt for urnenedsetjing.

Det er ikkje høve for kyrkjegardspersonell å inngå avtalar med pårørande om urnenedsetjing utover normal arbeidstid. Det er ikkje høve for pårørande å betala overtidsløn for tilsette.

§ 11 NÆRINGSVERKSEMD

- A. Næringsdrivande som ynskjer å driva verksemd på gravplassen skal ha løyve frå kyrkjeleg fellesråd. Løyve kan trekkjast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatta montering og vedlikehald av gravminne, og planting og stell av graver.
- B. Tilsette på gravplassen kan ikkje mot betaling utføra tenester for private eller næringsdrivande. Dei kan heller ikkje engasjera seg i sal av varer eller tenester som har med gravplassen å gjera.